





# Selma sin familie

**Sjå på bildet og snakk saman om det de ser:**

Kven er med i denne familien? Kva gjer dei på bildet? Kva har dei på seg? Kvar er dei?

**Eller les ei lita fortelling om Selma:**



Selma er fire år og bur saman med pappa, mamma og littlebror Aksel. Selma er veldig stolt av littlebroren sin, men det er også litt kjedeleg med baby. Den gret veldig mykje, og mamma og pappa må bruke veldig mykje tid på å skifte bleier og mate og alt sånt. Selma gleder seg til Aksel blir litt større så dei kan leike saman!

Selma sin mamma sit i rullestol. Det er fordi ho ikkje kan gå på beina sine lenger. Dei virka heilt fint då mamma var lita, men så skjedde det ei ulykke med ein bil, og no verkar dei ikkje lenger. Selma tenker ikkje så mykje over at mamma sit i rullestol, for ho er jo så vand med det. Mamma gjer jo som alle andre mammaer likevel. Ho jobbar, og kører bil, og hentar i barnehagen.

Mamma og pappa er ikkje Selma sine eigentlege foreldre. Dei er noko som heiter fosterforeldre. Det er tante Stine som har født Selma, men ho budde berre hos henne til ho var eit halvt år, så ho huskar det ikkje sjølv. Tante Stine hadde opplevd mange vonde ting, og hadde blitt sjuk i tankane sine før ho fekk Selma. Derfor var det noko som heiter barnevernet som bestemte saman med tante Stine, at Selma heller skulle få bo hos fosterforeldre. Og mamma og pappa ville vere foreldre for Selma. Dei blei einige med tante Stine om at ho kallar dei mamma og pappa. Aksel er ikkje fosterbarn. Han kom ut av mamma sin mage. Men mamma og pappa er akkurat like glade i Selma som dei er i Aksel likevel.

**Snakk saman:**

Bruk dette som utgangspunkt for å snakke litt om kor ulike familiar kan vere og kva som kan være fint eller dumt i familiar. Få fram at det viktigaste i alle familiar er at dei vaksne passer på og er glade i barna, og at ein prøver å ha det fint saman i kvardagen.

Ingen har det alltid berre bra. Det er heilt normalt å bli sinte på kvarandre, krangle litt, eller seie ting ein angrar på, men det er viktig å prøve å gjere det godt igjen etterpå. Alle treng å føle seg trygge heime og vere sikre på at dei andre i familién er glade i seg.